

Noregs vassdrags- og energidirektorat
v/ Tor Carlsen
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Bergen, 24. mars 2015

Fråsegn gjeldande Skarvagrovi kraftverk og Oddmundsdalen kraftverk

Vi viser til brev 16. desember 2014 frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) om småkraftpakke Vaksdal I. I denne småkraftpakka inngår Skarvagrovi kraftverk (NVE saksnummer 201201770) og Oddmundsdalen kraftverk (NVE saksnummer 200904221). Tiltakshavar for både prosjekta er NGK Utbygging AS.

Bergen og Hordaland Turlag er Vestlandets største friluftsorganisasjon med om lag 26 000 medlemmer. Bergen og Hordaland Turlag skal arbeide for eit aktivt og sikkert, enkelt og naturvennleg friluftsliv. Vi arbeider også for natur, kultur og miljøvern på områder med tilknyting til laget si verksemnd. Bergen og Hordaland Turlag har både natur- og friluftsinteresser i området som gjeld desse sakene.

Vi ønskjer å vera ein konstruktiv høyringspart i energisaker.

1.0 Skarvagrovi kraftverk

Det er søkt om å plassera Skarvagrovi kraftverk på nordsida av elva Skarvagrovi i nærleiken av Småbrekkevatnet ved kote 524. Inntaket skal plasserast om lag 50 meter nedstraums utlaupet av Moavatnet på kote 620. Det er planlagt å byggja ein inntaksdam med følgjande mål: 2 m (høgde) * 15 m (lengde). Vassvegen vil verta om lag 715 meter lang. Røyrgata skal leggjast i grøft. I søknaden vert det skrive, s. 8: "Det må påregnes en del sprenging i forbindelse med anleggsarbeidet for grøft og vei. Gjennomføring av rørgatetrase og anleggsvei vil kreve en bredde på 25-30 meter langsmed traseen fra kraftstasjon og opp til inntak. Trase vil bli istandsatt etter at anleggsarbeidet er ferdig. Topplag vil bli tatt vare på og lagt til side for så å bli benyttet som nytt topplag når berørt område blir arrondert. Det planlegges ikke permanent vei opp til inntaket".

Det skal lagast ein 780 meter permanent veg som skal gå til kraftstasjonen. Vegen vil følgja frå betongbrua langs vestsida av Småbrekkevatnet. I tillegg skal det grøftast ein jordkabel på 530 meter.


Det er få tyngre tekniske inngrep i nærområdet kring planlagt kraftstasjon og ny permanent veg. Det går i dag ein 45 kV-kraftleidning langs vestsida av Småbrekkevatnet. I øvre del av Skarvagrovi og i området kring Moavatnet er det ingen synlege tyngre tekniske inngrep.

1.1 Friluftslivinteresser

I området kring Småbrekkevatnet finn vi eit svært vakkert kulturlandskap. Ved Nestestølen er det tilrettelagt for friluftslivaktivitet. På flaten ved Nestestølen vert det om somrane arrangert villmarksleir for barn og unge. Dette er eit positivt og svært flott tiltak. Området inngår i eit større samanhangande friluftslivområde og er ei svært viktig innfartsåre til fjellheimen i Bergsdalsfjella.


På s. 18 vert det skrive: ”Villmarksleiren er etablert i samarbeid med grunneier på forespørsel fra Vaksdal kommune i 1995. Området er åpent for allment bruk. Leiren er dermed ikke opprettet for å styrke inntektene til gården, men rett og slett å bistå med areal til et godt formål. Leiren blir i første rekke brukt ved skolestart og ved skoleavslutning, men kan også leies av andre etter avtale. Den står av den grunn ubrukt store deler av året. Inntektene på uteie av leiren går til Vaksdal kommune”. Grunneigar har gjort ein svært flott innsats med tilrettelegging for allmenn bruk ved Nestestølen.

I ”Område for friluftsliv: Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland” (Fylkesmannen i Hordaland/ Hordaland fylkeskommune 2008) er området ”Bergsdalen” vurdert som ”Svært viktig” (Verdiklasse A) for friluftslivet (jf. kart 1). Frå porten ved Småbrekke, fylkesveg 314, er det skilte både mot Moastølen, Høgabu og Gullhorgabu. Området er svært godt tilrettelagt for friluftslivaktivitet. Den DNT-merka turstien følgjer langs den gamle militærvegen til Samnanger på sørssida av elva Skarvagrovi (jf. kart 2).



Kart 1 Utsnitt frå temakart ”Friluftsliv”. Kjelde: Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021.

Bergen og Hordaland Turlag



Kart 2 Utsnitt frå ut.no av DNT-merka tursti som følgjer den gamle militærvegen. Militærvegen frå Småbrekke følgjer langs elva Skarvagrovi.

Turar til området kring Småbrekkevatnet, Nestestølen, Moavatnet og til Storlitjørn er godt eigna som dagsturmål for småbarnsfamiliar. I området er det turmoglegeheiter for alle aldersgrupper. I boka ”Opptur Hordaland: 276 fotturar” (Anne Rudsengen og Finn Loftesnes, Selja forlag, 2. opplag 2007) er det mellom anna skildra topptur til Storliknausen (1193 moh.), ss. 544-546.

Gullhorgabu turisthytte, som vart opna 22. juni 2014, har i laupet av første sesongen hatt 2053 besökande. T-merka rute til Gullhorgabu, som ligg ved nedre Gullhorgatjørna, følgjer militærvegen frå Småbrekke. T-merka rute frå Småbrekke som fører fram til Gullhorgabu er mykje brukt. Om lag 37 % av dei besökande oppgjev at dei gjekk frå Småbrekke til Gullhorgabu.¹

T-merka rute frå Småbrekke til Gullhorgabu er ein del av eit samanhengande turnettverk i Bergsdals- og Kvammafjella. Frå Gullhorgabu er det råd å gå mot turisthytta Høgabu i Bergsdalen, mot Kvitingen i Samnanger, mot Vending i Kvammafjella, Breidablik på Skrott og Kiellandbu på Løkjesdalsnuten eller til Alexander Grieghytta ved Hamlagrøosen.

Vi ber NVE leggja til grunn retningslinje R7 i fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021 i vurderinga av Skarvagrovi kraftverk: ”Ein bør vise varsemd ved utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserar opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet”.

1.2 Kulturminne: "Militærvegen"

Militærvegen vart bygd i perioden 1926 – 1929. Den er om lag 20 km lang. Vegen går over til Kvitingen, Samnanger. Grunneigar har gjort ein svært flott innsats for friluftslivet og for å ivareta militærvegen som kulturminne. Vi set stor pris på denne innsatsen.



Bilete 1 Militærvegen.

Militærvegen er skildra i kommuneplanen for kulturminner 2012 – 2020, Samnanger kommune:

"Det går ein militærveg opp fjellsida frå Trengereid og over til Haugsdal i Bergen. Vegen vart bygd i 1920 og skulle binda saman militærvegen frå Voss til Småbrekke i Vaksdal, vidare til Kvitingen i Samnanger og så vidare Trengereid, over Brekkedalen, ned til Kalandsvatnet og til militærbasen Ulven i Os. Her står det att å dokumentera kulturminne langs vegen og historikken til vegen".

Kraftstasjon og røyrgratetråsé er planlagt på nordsida av Skarvagrovi. Militærvegen går på sørsida av Skarvagrovi. Sjølv om kraftanlegget vil vera lokalisert på andre sida av elva vil det påverke landskapsinntrykket. Militærvegen inngår i eit kulturlandskapsbilete. Vi ber om at NVE legg til grunn retningslinje R8 i fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009 – 2021: "I område med direkte tilknytning til verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ein vise varsemd med løyve til ny vasskraftutbygging".


1.2 Landskap, vassføring og inngrepsfrie naturområder

I området kring Moavatnet finn vi eit større samanhangande området med inngrepsfri natur. Utbygginga vil føra til ein reduksjon i inngrepsfrie områder på $0,25 \text{ km}^2$ sone 1 og $0,92 \text{ km}^2$ sone 2. Bortfallet av INON-sone 1 og –sone 2 verkar inn på det same INON-området som

Oddmundsdalen kraftverk har verknad på. Vi ber NVE leggja dette til grunn i vurderinga av sumverknader.

Vi vil gjera merksam på at Hordaland fylkeskommunale har gjennomført ei fullstendig kartlegging og verdisetting av landskapet i fylket etter NIJOS-standarden.² Den sentrale delen av dalføret med Bergsdalselva er rekna som landskapsforma "Elvedal" (22T04-06).

Moavatnet og elva Skarvagrovi ligg innanfor landskapsforma "Lågfjella" (15T06-10). Båe landskapsformene (22T04-06 og 15T06-10) er verdisatt til "Middels verdi".



Kart 3 Utsnitt frå Hordaland fylkeskommune si kartlegging av landskapsformer i Hordaland fylke (Kjelde: Landskapstypar i Hordaland, Aurland Naturverkstad og Hordaland fylkeskommune)

Vassføringa i Skarvagrovi er dominert av vår- og haustflaumar. Det vil verta redusert vassføring i Skarvagrovi som følgje av tiltaket. Minstevassføringa vil vera på 100 l/s i sommarsesongen og 26 l/s resten av året. Elva er eit godt synleg landskapselement.

Røyrgatetraseen på nordsida av Skarvagrovi vil verta revegetert, men røyrgatetraseen må haldast fri for trevekster. Langs elva går det i dag eit bjørkebelte langs nordsida. Nordsida av elva godt synleg når ein går langs militærvegen mot Moastølen.

1.3 Konklusjon

Med omsyn til å ivareta inngrepsfri natur, kulturminnelandskapet og friluftslivverdiar, så rår vi frå at det vert gjeve løyve til Skarvagrovi kraftverk.

2.0 Oddmundsdalen småkraftverk

Oddmundsdalen kraftverk er planlagt plassert ved Bergevatnet på kote 505. Straumframføring til kraftstasjonen vil verta lagt som ein 100 meter lang jordkabel. Det er søkt om høve til å få oppretta eit inntak i elva nedstraums Oddmundsdalsvatnet og eit inntak i elva nedstraums Skarvavatnet. Båe inntaka vil liggja på kote 755. I anleggsperioden vil det vera behov for 20-30 m brei røyrgatetrasé. Røyrgata vil følgja ei kurve på austsida av Steinafjellet. Vassvegen vil verta 2250 meter lang. Ein tunnel på 650 meter vil verta profilbora fram til inntaket nedstraums Skarvavatnet, og vil verta kobla til hovudrøyrgata langs Oddmundsdalselva. Dei siste 500 metrane av røyrgata mot Bergevatnet vil vera synleg i terrenget. Det er planlagt ei minstevassføring med 101 l/s frå Oddmundsdalsvatnet og 31 l/s frå Skarvaelva sumarstid, og vinterstid er det planlagt ei minstevassføring på 23 l/s frå Oddmundsdalsvatnet og 7 l/s frå Skarvaelva. Det er også planlagt ny vegframføring opp til inntaket i Oddmundsdalselva.

Eksisterande inngrep er i dag avgrensa til nærområdet kring Bergevatnet. Det går traktorveg langs vatnet, og det er eit hyttefelt i nærleiken og det går i dag ein 45 kV-kraftleidning langs Bergevatnet.³

2.1 Friluftslivinteresser

Området kring Oddmundsdalsvatnet og Skarvavatnet er utan tekniske inngrep. Desse to vatna ligg i eit område som er klassifisert som A ”Svært viktig” for utøving av friluftsliv (jf. kart 1).

Det går ikkje T-merka stier direkte i influensområdet, men det er råd å ferdast langs båe desse vatna. Med utgangspunkt i Høgabu er det råd å følgja dalføret ned mot Øyadalen, svinga av før Synningshaugen gjennom Skarvaskaret og ned til Skarvavatnet. Ein kan anten gå ned gjennom Skarvadalen eller følgja Oddmundsdalen ned til Bergevatnet. Det er også råd å gå vidare til Storlitjørn og følgja vidare langs militærvegen anten ned til Småbrekkevatnet eller ta turen vidare mot Gullhorgabu. Det er råd å følgja umerka stier i eit vakkert fjellandskap. Vinterstid er det råd å ta utgangspunkt i Oddmundsdalen eller Skarvadalen for toppturar til Liabukken og Bergsbukken.

Det er releant å leggja til grunn retningslinje R7 i fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021: ”Ein bør vise varsemد ved utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserar opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein sökje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet”.

2.2 Landskap, vassføring og inngrepsfrie naturområder

Frå Skarvavatnet renn Skarvaelva gjennom Skarvadalen og ned til Bergevatnet. På hi sida renn Oddmundalselva frå Oddmundsdalsvatnet gjennom Oddmundsdalen og ned til Bergevatnet.

I kartlegging og verdisetting av landskap i Hordaland er den sentrale delen av dalføret med Bergsdalselva rekna som landskapsforma ”Elvedal” (22T04-06). Skarvavatnet og Oddmundsdalsvatnet ligg innanfor landskapsforma ”Lågfjella” (15T06-10) (jf. kart 3). Båe landskapsformene (22T04-06 og 15T06-10) er verdisatt til ”Middels verdi”.


Både Skarvatnet og Oddmundsdalsvatnet ligg innanfor eit sårbart høgfjellsområde med ”Stor verdi”. Kraftstasjon nede ved Bergevatnet vil vera utanfor sona som er klassifisert som sårbart høgfjellsområde. Delar av røygate, ny veg og to gravitasjonsdammar i betong, med måla: 2 m (høgde) * 15-20 m (lengde), vil liggja innanfor sårbart høgfjellsområde. Ecofact nemner følgjande mål, s. 3, vedlegg 9: 25 m (lengde) * 4 m (høgde) for inntaksdam i elva frå Oddmundsdalsvatnet. I tillegg vil vassføringsreduksjon i Skarvaelva og Oddmundsdalselva liggja innanfor sårbart høgfjellsområde.

Vi ber NVE leggja til grunn retningslinje R4 i fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009 – 2021: ”1. I sårbart høgfjell av stor verdi skal ein vere restriktiv med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen. Avbøtande tiltak: Tunnel drift og veglaus utbygging kan redusere konfliktgraden. 2. I andre område med sårbart høgfjell bør ein vise varsemd med løyve til ny kraftutbygging, spesielt i eksponerte område mot viktige reiselivsområde og verdifulle friluftsområde”.



Kart 4 Utsnitt frå verdiklassifisering ”Sårbart høgfjell” (Kjelde: Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021).

I området kring Skarvatnet og Oddmundsdalsvatnet finn vi eit større inngrepsfritt naturområde med INON-sone 1 og –sone 2. Utbygginga vil føra til ein reduksjon i inngrepsfrie områder på 2,84 km² sone 1 og 0,54 km² sone 2. Vi ber NVE leggja til grunn nasjonale retningslinjer for ivaretaking av inngrepsfrie naturområder.



Bilete 2 Kartutsnitt inngrespsfrie naturområder i området kring Skarvatnet, Oddmundsdalsvatnet og ved Moavatnet. (Kjelde: Naturbase. Miljødirektoratet. INON 2013).

2.1 Konklusjon

Med omsyn til å ivareta inngrespsfri natur, såbart høgfjell, naturmangfold, landskaps- og friluftslivverdiar rår vi frå at det vert gjeve løyve til Oddmundsdalen kraftverk.

3.0 Sumverknader, landskap og friluftsliv

Vi ønskjer å visa til at det for tida eksisterer ei stor interesse for kraftutbygging i Bergsdals-, Kvammafjella, i områda kring Torfinnsvatnet ved Hodnaberg og på Samnangersida i tilknyting til planar om Dukabotn kraftverk.

I lokal energiutgreiing for Vaksdal kommune utført av BKK Nett AS vert det vist til: ”Total kraftproduksjon i 2012 var 1 279,7 GWh. Med eit elektrisk forbruk på 67,1 GWh hadde Vaksdal kommune eit kraftoverskot på 1 212,6 GWh i 2012”.⁴


Vassforskrifta gjennomfører direktiv 2000/60/EF i norsk rett. Utgangspunktet for dette direktivet er ei nedbørfeltorientert forvalting av vassressursar. Kjernen i vassforskrifta er at ein gjennom rettsleg bindande mål skal oppnå god vassmiljøstatus for overflatevatn (t.d. elv og innsjø) eller godt økologisk potensial for sterkt modifiserte vassressursar (t.d. regulerte vassdrag). Torfinnsvatnet vart regulert i 1932.⁵ Torfinnsvatnet vart då overført til Hamlagrøvatnet og til Bergsdalsvassdraget.⁶ Fleire av dei hydrologiske systema i dette området er regulerte og det er gjennomført fleire overføringer av både vassdrag, elver og fjellvatn til Bergsdalsvassdraget. Bergsdalsvassdraget er å rekna som ein sterkt modifisert vassførekommst.⁷ Skarvagrovi, Oddmundsdalselva og Skarvaelva er i dag ikkje å rekna som sterkt modifiserte vassførekommstar, jf. vassforskrifta § 5.

Etter naturmangfaldlova § 7 har avgjerdsmyndigheten ansvar for å sjå til at dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12 er vurdert i samband med forvaltingsavgjerd. Ei slik vurdering skal også gå fram av sjølve vedtaksdokumentet i saka.

Sesongen 2012 var det auka bruk av hyttene i Bergsdalsfjella og Kvammafjella i forhold til tidlegare år. Alle hyttene i Bergsdalen og Kvammafjella opplevde ei auke i hyttebesøk samanlikna med 2011: Høgabu +18,24 %, Alexander Grieg +6,73 %, Kiellandbu +5,74 % og Vending +11,65 %. I 2013 har Sesongen 2013 har det vore ei auke i forhold til 2012 særleg for Høgabu +0,5 % og Vending +11,80 % i høve 2012. Den 1. juli 2013 opna hyttetunet Breidablik med ein overnattingsfrekvens på 5,6 overnattingar per døgn (staden har 14 sengeplassar). Sesongen 2012 hadde hyttene i Bergsdalsfjella og Kvammafjella eit samla besøkstal på 4949 og i sesongen 2013 eit besøkstal på 5272.

Når vi vurderer desse registrerte besøkstala må vi hugse på at dei berre utgjer ein liten del av den reelle og faktiske bruken av området. Området er eit populært utfartsområde både i regional og lokal samanheng. Vår turinformasjon i Tverrgt. 4-6, 5017 Bergen, mottekk mange førespurnader om området og ønske om å få turforslag i området. I den samanheng kan nemnast at turkartet ”Kvamskogen og Bergsdalen” er solgt i 2750 eksemplar berre sidan 2007 berre i Turlaget sin turinformasjon åleine.

Ein konsekvens av desse utbyggingane er at tyngre tekniske inngrep kjem lenger opp til fjells i område som i dag er rekna som inngrepsfri natur og som er å rekna som sårbare høgfjellsområde. Området har flotte friluftsliv-, landskaps- og friluftslivkvalitetar.



Figur 1 Kart over inngrepsfri natur i Bergsdals-, Kvamma- og Vossefjella.

Vi vil visa til Klima- og miljødepartementet sin uttale i samband med forslag til Statsbudsjettet 2015, Prop. 1S (2014-2015), s. 193: ”Likevel er det eit mål å ta vare på dei



miljøverdiane som er knytt til dei større samanhengande naturområda. Til dømes skal viktige område for friluftsliv og opplevingar i naturen og viktige område for naturmangfald framleis takast omsyn til i arealforvaltinga”.

Miljødirektoratet har i rapporten ”Inngrepsfrie naturområder i Norge (INON) - verdi som indikator for tilstanden i norsk natur” (Oppdrag175/2014 (KLD)-tema Kunnskap) gjort greie for oppdraget. Konklusjon i evalueringsrapporten seier: ”INON er den eneste indikatoren som gjør det mulig å kontrollere om Norge ivaretar internasjonal forpliktelse om bevaring av store sammenhengende naturområder og tilhørende habitater” (vår understrekning).

Vi ber difor NVE om å leggja til grunn ei vurdering av sumverknader etter naturmangfaldlova § 10.

Med vennleg helsing

Helene Ødven
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag
(sign.)

Nicolas J. I. Rodriguez
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag
(sign.)

Referansar:

¹ Ver merksam på at ikkje alle gjester oppgjev kva som har vore start for turen. Om lag 28 % oppgjev ikkje kva som har vore utgangspunktet for utfarten.

² Sjå Landskapskartlegging av Hordaland fylke: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/planlegging/Planrettleiing/plantema/Landskap-i-plan/Landskapskartlegging-av-Hordaland-fylke/>

³ Det eksisterer planar for oppgradering av kraftleidningen frå 45 kV til 132 kV for strekninga Fosse - Kaldestad. Strekninga Kaldestad-Hodnaberg er førebels satt på vent. Innsending av konsesjonssøknad er planlagt i laupet av første halvår 2015: http://www.bkk.no/om_oss/anlegg-utbygging/Kraftnett/bergsdalen/

⁴ Sjå lokal energiutgreiing for Vaksdal kommune (BKK Nett, rullering 2013):
<http://bkk-web.bkk.no/idaweb?dokid=11430725&filename=Vaksdal.pdf>

⁵ Sjå s. 14 i Johannes Gjerdåker (1999) ”Levande landskap: Vossebygdene – Granvin – Nærøydalen”. Utgjeve av Voss veksel- og landmandsbank.

⁶ Sjå ss. 92-99 i ”Kommunejubileet 1837-1937: Festskrift for Voss herad” (utgjeve av Dreyers forlag, Stavanger, 1937) om forhistoria og avtalane knytta til reguleringa og oversørิงa av Torfinnsvatnet. Her vert innhaldet i vedtak i Voss heradsstyre 8. januar 1927 og i styret for B.K.K. 4. februar 1927 (godkjent av representantskapsmøte i B.K.K. 25. november 1927) gjennomgått.

⁷ Vi har gjort nærmere greie for moment som er relevante for sumverkandsvurderinga for Bergsdalsvassdraget i innspelet vårt til NVE saksnummer 201307395, datert 05.12.2014.